

Kvinnherad Kommune



Læreplan for

VISUELL KUNST

1. Om Kvinnherad kulturskole

Kvinnherad kulturskule er eit offentleg eigmدd og drive tilbod til barn og unge i Kvinnherad kommune. Målgruppe er born i barnehage, elevar i grunnskule og vidaregåande skule, born og vaksne med spesielle behov og det lokale musikklivet i kommunen. Føremålet med opplæringa er å læra, oppleva, skapa og formidla kulturelle og kunstnariske uttrykk.

Kulturskulen har også til oppgåve å kvalifisera elevar med særleg interesse og motivasjon til optak i høgare kunstfagleg utdanning. Opplæringa skal bidra til barn og unge si meistring og danning, fremme respekt for andre kulturar, bevisstgjera eigen identitet, verta kritisk reflekterande og utvikla eigen livskompetanse. Kvinnherad kulturskule er forankra i opplæringslova § 13-6 som vart vedteke i Stortinget 5. juni 1997: «Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknyting til skuleverket og kulturlivet elles».

Kvinnherad kulturskule er eit ressurs- og kompetansesenter for kultur- og kunstfag i Kvinnherad kommune. Kulturskulen tilbyr opplæring, oppleveling og formidling innan fagområda kunst, dans, musikk og teater. Tilbod og omfanget av undervisninga fastsettes av den økonomiske ramma til kulturskulen som kommunen løyver. Både drift og undervising i Kvinnherad kulturskule tek utgangspunkt i Rammeplan for kulturskulen «Mangfold og fordjuping» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) som ble vedtatt av kommunestyret 15.12.16.

Kontaktinformasjon:

Kontaktpersonar: Kirill Zimin (rektor/einingsleier)

E-post: kirill.zimin@kvinnherad.kommune.no

Telefon: 53 48 34 31

Post- og besøksadresse: Sentrumsvegen 35, 5460 – HUSNES

Heimeside: www.kulturskulen.kvinnherad.no

2. Om den lokale læreplanen

Lokal læreplan er eit dokument som definerer gapet mellom Rammeplan for kulturskulen «Mangfold og fordjuping» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) og lokal praksis i Kvinnherad kulturskule. Læreplanen gjev rammer for innhaldet i opplæringa i det enkelte faget, skildrar føremålet med faget, samt sikrar eit langsiktig innretta tilbod av høg fagleg og pedagogisk kvalitet i kulturskulen. Læreplanen inneholder m.a. krav til den kompetansen eleven skal tileigna seg i faget. Kompetanse målene uttrykkjer kva eleven skal kunna på ulike nivå og 3 ulike program: breiddaprogram, kjerneprogram og fordjupingsprogram. Læreplanen viser òg ei lokal verdiplattform og vert felt overordna satsingsområde for Kvinnherad kulturskule. Målgruppe er lærarar, politisk og administrativ leiing i kommunen, og dessutan elevar og foreldre som kan bruka den lokale læreplanen for å sjå kva dei kan forventa at eigne barn skal læra på kulturskulen og kva for kompetanse dei får i opplæringa.

3. Alder

Frå 5 år. Det er også ope for elevar øve 18 år å söke, då visuell kunst tilbyr undervisning for vaksne.

4. Utstyr

Kulturskulen har eige utstyr til bruk i timane, men elevane kan fritt ta med eige utstyr om dei ynskjer det.

5. Organisering av undervisning

Det er klassar på maks 8 elevar, fordelt etter alder.

6. Utstilling

Det blir lagt opp til utstilling i samråd med andre arrangement på Kulturskulen. Kunstelevane kan og få i oppgåve å laga kulisser og kostyme til førestillingar.

7. Forventningar til elev

Ein forventar at eleven møter presis, og arbeider godt og konsentrert i timane.

8. Evaluering/utviklingssamtalar

Elevane får korrektur og veiledning i timane.

9. Mål for undervisning i kunstfag

- Skape, formidle, reflektere, sanse
- Det skapande mennesket står i sentrum. Å skape er den mest grunnleggande kompetansen eleven skal tileigna seg.
- Eleven skal meistra basisferdigheitar i ulike teknikkar, former, materiale og uttrykk, og få kunskap om verktøy.

I løpet av året skal eleven igjenom følgande:

- Teikning med gråblyant, kolstift, fargeblyantar, tørr-og oljepastell. Det blir arbeidd med «å sjå», konturteikning, linjer, lys og skugge, perspektiv og stilisering. Me arbeider og med anatomi og ulike stilartar som realisme, teikneserie, geometri og linje.
- Fargelære: Fargesirkelen, primær, sekundær og komplementærfargar. Me øver på å blanda fargar.
- Collage og mixed media: Me lagar nye bilder av gamle bilder, utklipp mm.
- Skulptur: av «skrot» som gamle leker, ledningar, ting og tang.

Kunsthistorie og bildekompisjon blir «fletta inn» i oppgavene.